

Straume 19.12.2023

Kjære leiar i ImF-lag!

Du får dette brevet fordi du i vårt sentrale datasystem er registrert som leiar/kontaktperson for den aktuelle eininga i ImF. **Om denne informasjonen ikkje stemmer, ber vi om at brevet vert gitt til rette vedkomande, og at ein tek kontakt med krinsen slik at dei kan få oppdatert kontaktinformasjonen.**

Innkalling til Ekstraordinær Generalforsamling 2024

Styret i Indremisjonsforbundet kallar inn til ei ekstraordinær generalforsamling den **24. februar 2024 kl 10.00-16.00** på Scandic Flesland Airport Hotel, ca. 5 minuttar å gå frå flyplassen. Samlinga inneheld pausemat, lunsj – og ettermiddags buffet, dessert, kaffe, te og vatn. For å dekke mat og administrative kostnader knytt til generalforsamlinga, ser vi det som nødvendig å ha ei deltakaravgift pr person på kr 500,-. Ein får ettersendt faktura på denne.

Merk: frist til å melde seg på er 01. februar 2024.

Vi tek i mot påmeldte den 24. februar kl. 09.00 på hotellet. Du vil få eksakt oppmøtestad ved ankomst. Ein kan levere fullmakt ved registrering, og dermed få utdelt utsendingsnummer og stemmesetlar. **Vær ute i god tid slik at ein er klar til møtet byrjar kl. 10.00.**

Saksliste:

1. Godkjenne dei stemmeberettigede
2. Godkjenne innkallinga, sakliste og forretningsorden
3. Val av to dirigentar
4. Val av to personar til å føra møteboka
5. Val av to personar til å skriva under møteboka
6. Val av fullmaktsnemnd/teljekorps
7. Sjøholt folkehøgskule (sjå vedlegg)

Forslag til vedtak:

Generalforsamlinga takkar for orienteringa vedrørende Sjøholt folkehøgskule, og tek det til etterretning.

8. Den økonomiske situasjonen i ImF (sjå vedlegg)

Forslag til Vedtak:

Generalforsamlinga takkar for informasjon om tiltak som skal betre den økonomiske situasjonen i ImF både på kort og lang sikt, og gjev si tilslutning til at ImF set i verk dei førlagte tiltaka.

Vedlagt finn du fullmaktsskjema for utsendingar. Det er viktig at skjemaet er korrekt utfylt, så les vegleiinga på skjemaet nøye. Sakspapira er òg vedlagt.

Kven kan vere utsending?

Først nemner §3b i lov for ImF at Indremisjonsforbundet er dei **krinsar, foreiningar (indremisjons-, IUF-, kvinne-, manns-, Finnmarksforeiningar, kor og lag for barn og tenåringar), forsamlingar og kyrkjelydar, skular/barnehagar som ikkje er eigd av ImF-einingar, og enkeltpersonar¹** som melder seg inn, og som er samde i og forpliktar seg på §§ 1 og 2» [Formålsparagrafar].

Lov for ImF seier dette i §6 om utsendingar til generalforsamlinga:

- a) Kvar eining (jfr. §3 b) som har inntil 50 medlemmer kan velja to utsendingar. Har eininga fleire enn 50 medlemmer, kan det sendast ein utsending for kvar påbyrja nytt femti. Likevel kan ingen senda meir enn seks utsendingar. Utsendingane skal veljast mellom medlemene i foreininga, forsamlinga eller kyrkjelyden.
- b) Foreiningar, kor og lag som er stifta for å arbeida mellom yngre ungdom og barn, kan senda ein av leiarane.
- c) Kontaktpersonar som er registrerte i ein krins, kan møta med fullmakt frå krinsstyret. Kontaktpersonar frå område av landet der det ikkje er eigen krins, kan møta med fullmakt frå ImF- styret.
- d) Inntil fem direktemedlemer frå kvart fylke der det ikkje er eigen krins eller foreining, kan møta med fullmakt frå Forbundsstyret. Styret organiserer val av desse.
- e) Barne- og ungdomsnemndene (-råda) i krinsane kan senda inntil fire utsendingar, valt mellom medlemmer, varamedlemer og barne- og ungdomssekretær (-konsulent).
- f) Styret for ImF-UNG kan møta med sine valde medlemmer.
- g) Styra for krinsane kan senda inntil sju utsendingar kvar, valde mellom styremedlemer, varamedlemer og dagleg leiar.
- h) ImF-styret møter med sine valde medlemmer. Styremedlemer har ikkje stemmerett i saker som angår styret sine disposisjonar.
- i) Tilsette i ImF sentralt og rektor/leiar eller ein annan representant for skulane og barnehagane knytt til ImF sentralt og krinsane, har talerett i generalforsamlinga.

Påmelding og gjennomføring

Påmelding til den ekstraordinære generalforsamlinga innan 1. februar 2024 kan gjerast via e-post: imf@imf.no, men har du behov for å sende det pr post, så sender du det til: Indremisjonsforbundet, Idrettsveien 10, 5353 Straume. Treng du overnatting på hotellet så kan du ta direkte kontakt med dei for bestilling.

Har du spørsmål eller treng ytterlegare informasjon, kan du ringe til Indremisjonsforbundet på telefon 56 31 42 40, ImF leiar Runar Landro på telefon: 928 35 050 og / eller dagleg leiar Anja S. U. Heggen på telefon: 930 048 44.

Velkomen til GF, og vi bed om at vi får ei god og konstruktiv samling.

Venleg helsing for ImF-styret



Gabriel Pollestad

Leiar



Runar Landro

ImF Leiar

¹ Lova seier at «Personar som bur i område av landet der det ikkje er ein krins eller lokalforeining knytt til Indremisjonsforbundet, kan verta direktemedlemer i Forbundet inntil foreining/krins vert danna.»